

FAU 25. september 2024

- Oppstart på nytt skuleår – nye medlemmer
- Informasjon om det å vere med i FAU
- Kva rolle vil FAU på Bokn skule ha?
- Vedtekter, årshjul, møteplan...
- Konstituere i høve til vedtektene
- Informasjonssaker



Bokn
kommune



Kva er Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)?

Film - engasjerte foreldre skaper trygge barn

- Fokus på fellesskapet – speile heile elevgruppa
- Engasjere seg i alle saker som har med skulen å gjere – ikkje i personal og enkelt saker
- Ha eit enkelt og konkret mål å jobbe mot (skulemiljø, trivsel, inkludering)



Kva er Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)?

- Referat
- Årshjul – kva skjer i skulen som FAU kan engasjere seg i?
- Rektor med på møta
- Informere og høyre alle
- Kva er foreldra opptatt av? – kva kan me oppnå for Bokn skule?
- Samarbeid – elevråd, tilsette og andre råd og utval med felles interesser
- Initiativ til sosiale aktivitetar for elevane
- Arrangere samlingar for foreldre, tilsette – stor foreldremøte med aktuelt tema



FAU på Bokn skule

Kva tenker de kjenneteiknar eit godt fungerande FAU?

Korleis kan de jobbe saman for at FAU skal bli så velfungerande som mogleg?



Årshjul

Korleis kan FAU bidra til at Bokn skule blir den beste skulen for alle elevane?

Forslag til innhald til Årshjulet:

- Satsingsområde – fokus
- Konkrete aktivitetar, arrangement og tiltak de vil iverksette



Roller i FAU

I høve til vedtektene - [Vedtekter For FAU ved Bokn skule](#)

- Leiar
- Nestleiar
- Sekretær
- Kasserar
- To styremedlemmer
- To representantar til SU – leiar er ein av dei



Informasjon – aktuelle ting

Elevundersøkinga

Foreldreundersøking?

Nasjonale prøvar

Spekter

Arrangement – Basar, juleavslutning



Referat:

Elevundersøkinga:

Skulen skal gjennomføre elevundersøkinga i november. FAU kan dersom dei ønsker vere med på ein gjennomgang av spørsmåla som skal vere med. Ein må melde frå til rektor dersom dette er aktuelt, også må me ha det oppe seinast første veka i november.

Foreldreundersøking?

Dersom me skal gjennomføre foreldreundersøkinga så blei det føreslått at dette skjer på foreldremøta som skal vere på våren. Dette for å få stor nok deltaking. Tek dette opp etter jul.

Nasjonale prøvar

Skulen har gjennomført Nasjonale prøvar – ein vil ha ein gjennomgang i FAU når resultatane kjem dersom FAU ønsker det.

Spekter

Skulen gjennomfører Spekter i løpet av oktober.

Arrangement – Basar, juleavslutning

Skulen skal ha to store arrangement i løpet av hausten, der foreldre blir involvert. Basaren kjem fredag 18. oktober og blir halde i Bokn arena slik me har gjort før.

Juleavslutninga skal me arrangere på skulen, fordi me har verken økonomi eller kapasitet til å ha det i hallen. Det blir opptrekk frå alle klassane også når me skal ha det på skulen. Me vil bruke musikkrommet og scenen som er knytt til den. Noko av opptrekkna vil også vere i auditoriet. Det vil også vere mogleg å gå rundt på skulen å kikke på ting elevar har gjort i løpet av hausten. Meir informasjon kjem etter kvart.

FAU var positiv og hadde forståing av kvifor me vel å gjere det slik.



Referat

Filmen viste eit godt bilde av kva det vil seie å vere med i FAU og å vere foreldre til barn som går i skulen. Anbefaler å sjå denne – sjå lenka.

Møtefrekvens bør komme fram i eit årshjul – dette årshjulet må FAU lage i samarbeid med rektor.

FAU kan kalle inn til møter sjølv, men kan også be rektor gjere dette i Visma. Ofte lurt å sende ei påminning dagen før møtet.

Rektor bør/skal vere invitert til møta for å eventuelt informere om aktuelle ting frå skulen. Rektor bør/skal også vere tilgjengeleg til den delen av møta som ein ikkje trenger å vere med på. Dette for å raskt kunne gi tilbakemelding på ting foreldra lurar på. Forslag i møtet var at FAU-møta blir halde på skulen og at rektor kan sitje på kontoret og bli henta dersom det er nødvendig.

Fokus på fellesskapet, personal- og enkeltsaker skal ikkje takast opp i FAU.



Referat

Diverse saker:

- Samanslåing av klassetrinn:

Det er framleis uvisse blant foreldra kring samanslåing av klassetrinn, særskild i klassane med flest elevar. Noko av uvissa handlar om storleik på klasserom. Rektor bekreftar at ein held fram med den fastsette planen for samanslåing av klassetrinn.

- Endringar i miljøarbeidarressursar:

Miljøarbeidarstillinga som skulle arbeide på tvers av skule og fritid vert delt, og 50% vert no dekkja av nyttilsett miljøterapeut på skulen. Ho er i permisjon fram til vinterferien. Det er vikar i stillinga fram til miljøterapeuten er ferdig i permisjon.

- Språkassistentar i skulen:


Det er svært gode erfaringar med bruk av språkassistentar i skulen. Tilbakemeldingane er gode frå både elevar, tilsette og foreldre. Det er eit ønske om å invitera språkassistentane inn i eit møte i FAU for å bli betre kjent med funksjonen, samt dele erfaringar.

- Arkivering av møtereferat:

Referat frå FAU-møter skal sendast rektor, slik at dei vert arkivert då dette er eit lovpålagt krav. Skuleadministrasjonen sørgjer for publisering på kommunens nettside.

- Konsert:

Bokn ungdomsråd har tatt initiativ til å arrangere konsert med rapduoen Capow x 2G. Konserten finn stad i Bokn arena 02.11.24 og er open for ungdom frå 7. klasse til og med 17 år. Ungdomsrådet og FAU står som arrangørar, men det er mange samarbeidande parter og bidragsytarar i prosjektet. FAU si rolle er å søkje midlar til prosjektet og vere informasjonskanal til foreldra, samt delta i organisering av foreldre til vakthold under konserten.



FAU 2024/25

1./2. klasse:	Veronica Strøm (2 år) Malene Mæland (1 år)
3./4. klasse:	Randi Marie Are (2 år) Susanne Øvrebø (1 år)
5./6. klasse:	Ingrid Våge (2 år) Stian Sæland (1 år)
7. klasse:	Therese V. Kristoffersen (2 år) Anja Alvestad (1 år)
8. klasse:	Jan Jung T. Hermdoff (2 år) Irene Kro (1 år)
9. klasse:	Armand Svendsen (2 år) Tom Inge Aksdal (1 år)
10. klasse:	Lene Foss Jørn Hansen

Leiar:	Susanne Grønnestad
Nestleiar:	Malene Mæland
Sekretær:	Ingrid Våge
Kasserar:	Jan Jung Tae Hermdoff
Styremedl.:	Irene Kro Anja Alvestad

To representantar til SU
(leiar er ein av dei)

Susanne (vara: Randi Marie Are),
Malene (vara: Armand Svendsen)

